



Kamilla Sporsheim
Veungsdalsveien 47
3615 Kongsberg

Dykkar ref.

Vår ref.

26/4954 - 5

Dato

28.05.2026

Saksnr.	Utval
59/26	Utval for kultur og næring

Vedtak: Konsesjon ved erverv av fast eigedom - gbnr. 123/1 - Fagnastølsvegen 181

Voss herad har motteke dykkar søknad 18.05.2026, og har registrert brevet i sak: 26/4954 .

Tiltak: Konsesjon

Eigedom: Gbnr: 123/1

Søkjar: Johan Sven Bertil Larsson og Kamilla Sporsheim

Vedtak:

Voss herad gjev med heimel i konsesjonslova §§ 1, 2, 5, 9 og 11, konsesjon til Johan Sven Bertil Larsson og Kamilla Sporsheim for overtaking av Fagnastøl, gnr/bnr 123/1.

Følgjande vilkår ligg til grunn for løyvet:

Det er eit vilkår at søkerane buset seg på eigedomen innan eit år frå overtakingsdato og bur der samanhengande i minst fem år, jf konsesjonslova § 11. Vilkåret vert stilt med heimel i konsesjonslova § 1, punkt 5. omsynet til busetjinga.

Vedtaket etter konsesjonslova kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Mogleg klage må framsetjast skriftleg til heradet seinast tre veker etter at melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Eventuell klage vert handsama av statsforvaltaren.

Saksutgreiing

Lovgrunnlaget:

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv..
Vilkår er gjeve med heimel i Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv. § 11.

Informasjon om saka:

DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Søknad
Kjøpekontrakt
Verditakst
Jordleigeavtale
Gardskart

FAKTA OM SAKA:

Driftseininga er underlagt konsesjon ved sal ut or nær familie, jf konsesjonslova § 5.

Etter opplysningar frå gardskart har Fagnastøl, gnr/bnr 123/1, 85,5 da fulldyrka jord, 18,4 da innmarksbeite, 463 da produktiv skog, 160,8 da anna markslag og 17 da bebygd areal. Fagnastøl er medeigar i Helgaset stølssameige, men dette går ikkje fram av matrikkelkartet og gardskart. Areala er såleis ufullstendige. Stølstræet er eineieigd. Seljar har levert inn rettedokument til oppmålingsavdelinga i Voss herad, og saka er klar for føring i matrikkelen.

Inne på stølstræet er det delt ifrå fritidseigedom med gnr/bnr 123/18, som er bebygd med hytte. Eigedomsgrensene til gnr/bnr 123/18 er ikkje rett presentert i matrikkelkartet, og viser som fiktive grenser. Heradet har vore i dialog med eigar, som kjem til å levera inn rettekraft til oppmålingsavdelinga.

Avtalt kjøpesum er kr 3 100 000,-. Det føreligg verditakst frå Vossestrand rekneskapskontor AS. Fagnastøl er bebygd og har meir enn 35 da dyrka areal, og er i utgangspunktet underlagt priskontroll, jf konsesjonslova § 9 a. Eigedomen er likevel unnateke priskontroll, fordi det er brukbart bustadhus og kjøpesummen er lågare enn kr 3 500 000,-, jf *Forskrift om konsesjonsfrihet for visse erverv av fast eiendom, egenerklæring ved konsesjonsfrihet, fulldyrket jord og beløpsgrense ved priskontroll* § 6a.

Det er to konsesjonssøklarar. Kamilla Sporsheim oppgjev i søknaden at ho har hatt mjølkebruk i familien, der ho har vore med litt i oppveksten. Johan Larsson er vaksen opp på gard i Sverige og er vane med maskiner, dyr, jord- og skogbruk. Foreldra hans har drive med sau i mange år.

Etter opplysningar frå takstdokumentet har det vore drive med mjølk på Fagnastøl fram til 2001, no er mjølkekvoten seld, og jorda leigd vekk. Det føreligg jordleigeavtale som går ut 31.12.2027. Søklarane ynskjer å driva eit langsiktig skogbruk gjennom manuell hogst. Dei ynskjer å nytta eit år på å bestemma seg for korleis driveplikta skal ivaretakast framover, slik det er opna for i jordlova § 8.

Av bygningar høyrer det med våningshus (byggeår 1893, renover 1993), driftsbygning (1975), sel (byggeår 1942, renover 1996) og fjøs på Helgaset, reiskapshus (1995), garasje (1973), bualoft (1720), årestove (1720, ombygd 2000) og røykjeshus (2010).

Det føreligg ikkje skogbruksplan.

Det høyrer med jaktrett på hjort og elg. Eigedomen er med i Raundalen hjortevald og Urdland-Fagnastøl jaktfelt.

Grunngjeving

Vurdering/drøfting:

Konsesjonslova § 1 har som føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet. Dette blant anna for å tilgodesjå framtidige generasjonar sine behov, landbruksnæringa, omsynet til busetjinga, behov for utbyggingsgrunn og omsynet til miljø, naturvern og friluftssinteresser.

Etter konsesjonslova §§ 9 og 9a skal det ved vurdering av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast særleg vekt på om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling, om søkjaren kan sjåast på som skikka til å driva eigedomen, driftsmessig gode løysingar, busetjinga i området og omsynet til samla ressursforvaltning og kulturlandskap.

Vilkår

Etter § 11 kan ein setja dei vilkår som er nødvendig for å fremja føremålet til lova.

Søknaden har vore vurdert etter konsesjonslova §§ 1, 2, 5, 9 og 11, M-1/2021 (*Konsesjon, priskontroll og boplikt*) og M-2/2021 (*Driveplikt, omdisponering og deling etter jordlova*).

Ervervarane søkjer om konsesjon fordi dei ikkje er i slekt med seljar, jf konsesjonslova § 5, fyrste ledd nr. 1.

Eigedomen er bebygd og har meir enn 35 da dyrka areal, og er i utgangspunktet underlagt priskontroll. Det er bebueleg bustadhus på garden, og kjøpesummen er lågare enn kr 3 500 000,-. Av den grunn er ervervet likevel ikkje underlagt priskontroll, jf *Forskrift om konsesjonsfrihet mv.* § 6 a.

Det er to konsesjonssøklarar. Kamilla Sporsheim oppgjev i søknaden at ho har hatt mjølkebruk i familien, der ho har vore med litt i oppveksten. Johan Larsson er vaksen opp på gard i Sverige og er vane med maskiner, dyr, jord- og skogbruk. Foreldra hans har drive med sau i mange år.

Etter opplysningar frå takstdokumentet har det vore drive med mjølk på Fagnastøl fram til 2001, no er mjølkekvoten seld, og jorda leigd vekk. Det føreligg jordleigeavtale som går ut 31.12.2027. Søklarane ynskjer å driva eit langsiktig skogbruk gjennom manuell hogst. Dei ynskjer å nytta eit år på å bestemma seg for korleis driveplikta skal ivaretakast framover, slik det er opna for i jordlova § 8.

Søklarane har saman kjennskap og erfaring frå landbruksdrift. Det er ikkje krav til formell landbruksfagleg utdanning, jf rundskriv M-1/2021. Driveplikta etter jordlova er ivareteke så lenge jordleigeavtalen gjeld, og etter det må dei nye eigarane ta stilling til om dei ynskjer å driva garden sjølve eller halda fram med å leiga ut innmarka. Dette er gjort greie for i søknaden. Heradet si vurdering er at søklarane er skikka til å overta eigedomen, og at leigeavtalen utgjør ei driftsmessig god løysing så lenge det ikkje er sjølvstendig drift på Fagnastøl.

Fagnastøl er underlagt konsesjon og kan påleggjast buvilkår jf § 11 i konsesjonslova, andre ledd: *«Kongen skal ut fra hensynet til bosetting, helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskap ta stilling til om det er påkrevd å stille vilkår om boplikt, og om boplikten skal være en personlig plikt for eier.»* I fylgje arealdelen til kommuneplanen er *«visjonen til Voss herad å vera eit sterkt regionsenter med levande bygder.»* Samfunnsdelen av kommuneplanen har fokus på å oppretthalda og auka folketalet og seier mellom anna at: *«Me ynskjer å... oppretthalda busetnaden i bygdene for å trygga levande grender i heradet.»*

Personleg buplikt ivaretek omsynet til ei stabil busetjing på eigedomen betre enn om han til dømes vert leigd ut. Eigedomen vert også teken betre vare på om eigar sjølv bur der. Det vert difor stilt vilkår om personleg buplikt for kjøparane, det vil sei at dei har eit år på seg på å flytta til Fagnastøl og må bu der samanhengande i minimum fem år. Søkjarane planlegg å bu på eigedomen, og heradet legg difor til grunn at det ikkje vil vera eit uforholdsmessig vilkår for konsesjonen, jf rundskriv M-1/2021.

Fagnastøl er medeigar i Helgaset stølssameige, men dette går ikkje fram av matrikkelkartet og gardskart. Seljar har levert inn rettedokument til oppmålingsavdelinga i Voss herad, og saka er klar for føring i matrikkelen.

Inne på stølstræet er det delt ifrå fritidseigedom med gnr/bnr 123/18, som er bebygd med hytte. Eigedomsgrensene til gnr/bnr 123/18 er ikkje rett presentert i matrikkelkartet, og viser som fiktive grenser. Heradet har vore i dialog med eigar, som kjem til å levera inn rettekraft til oppmålingsavdelinga.

Ut frå desse opplysningane kjem ikkje heradet til å setja konsesjonsvilkår om klarlegging av eigedomsgrenser.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i utgreiinga over har Voss herad kome fram til at Johan Sven Bertil Larsson og Kamilla Sporsheim får innvilga konsesjon for overtaking av Fagnastøl, gnr/bnr 123/1.

Gebyr

De må betale eit gebyr på kr. 5000,- for handsaming av søknad etter konsesjonslova, jf. Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2.

Med venleg helsing

Oddbjørg Vestrheim
Tlf: 418 63 058

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

Kopi til

Advokat Nils O Lid	Regimentsvegen 225	5705	Voss
Geirr Fagnastøl	Fagnastølsvegen 181	5706	VOSS

Mottakar

Johan Sven Bertil Larsson	Veungsdalsveien 47	3615	Kongsberg
---------------------------	--------------------	------	-----------